



DEN NORSKE KYRKJA

Stedje Sokneråd

Sogndal 07.09.2021

Protokoll frå møte i Stedje sokneråd torsdag 26.08.21

Desse møtte:

Faste medlemar: Per Hilleren, Kari Torhild Kvåle, Hans Magne Kvåle, Bjørn Skjeldestad og Helge Torstad.

Varamedlemar: Oddbjørg Uglum.

Berit Amundsen, Bente Karin Vathestad, Eldbjørg Reppen Ølnes og Mikael Bruun hadde meldt forfall.

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Sak 19/21: Seinare tilkomne saker skal takast vekk frå saklista. I framtida skal det ikkje setjast opp evt seinare tilkomne saker. Om det kjem saker inn etter at innkalling og sakliste er sendt ut, skal det opplysast under godkjenning av innkalling og sakliste. Soknerådet vil då ta stilling til om det skal setjast opp som eiga sak i møte, eller utsetjast til neste møte.

Samrøystes godkjent

Godkjenning av protokoll frå møte 10.06.2021.

Ingen merknad, samrøystes godkjend

Orienteringssaker:

1. Ny kyrkjeleg organisering. (Sjå vedlegg og tilsendt e-post frå kyrkjeverje Jorunn Merete Haukås-Eide) Oppmoda alle faste medlemmane om å møte på informasjonsmøte 1. september. Referert.
2. Orientering frå ulike utval som soknerådsmedlemmane er med i.
Kyrkjelydshytta: Bjørn Skjeldestad orienterte. Basar 22. september på Stedjetunet kl. 18 – 21, Fått tak i ein del gevinstar. Forsikring på hytta, kasserar Leif Arne Nordheim har innhenta tilbod frå KNIF. Det vil verte gjort noko arbeid rundt hytta, mellom anna å ta vekk nokre granar.
Stedjetunet: Helge Torstad orienterte. «Nilshuset» er seld, fekk det som huset og eigedommen var taksert til. Ein er òg komen godt i gang med utleige av salane på Stedjetunet.
3. Stille kveldar i Stedje kyrkje. (Sjå vedlegg frå Astrid og Stein Bondevik)
Soknerådet ser svært positivt på dette tilbodet Astrid og Stein Bonevik har i Stedje kyrkje. Det er viktig med god annonsering. Oppmodar dei som har Facebook, Instagram m.m at ein deler vidare når kyrkja legg ut informasjonen. Soknerådet vil òg støtte økonomisk opp om det er utlegg i samband med desse kveldane.

4. Oppstart av bønnegruppe på Stedjetunet. (Sjå vedlegg frå Astrid Bondevik)
Soknerådet støttar dette tiltaket Astrid Bondevik ønskjer å setje i gang.
5. Tekstlesarkurs 31. august 2021. (Sjå vedlegg frå diakon datert 20.01.21. Viser til vedtak i sak 02/21 der Stedje sokneråd gjekk for å tilby kurs etter alternativ 1).
Referert
6. Referat frå årsmøte i Stedje sokneråd 10.06.21. (Sjå vedlegg)
Referert

Vedtakssaker:

Sak 17/21 Kyrkjekaffi. Dette tilbodet i etterkant av gudstenestene, har lege nede heilt sidan restriksjonane i samband med koronautbrotet fann stad i mars 2020. No har som kjend mange vorte vaksinerte, og det er opna opp for fleire deltakarar i gudstenestene. Det er fleire som har etterspurt kyrkjekaffien, derfor må vi ta opp om tida er inne til å starte opp att. Stedjetunet står også no klart til at vi kan bruke salen til kyrkjekaffien.
Vedtak: Sokerådet vil at ein startar opp att med kyrkjekaffi i løpet av hausten, og at den i hovudsak blir på Stedjetunet. Diakon Gitte Th Torstad samlar dei som har sagt seg villege til å vere med på kyrkjekaffi, til opplæring/orientering på Stedjetunet, før ein set i gang med kyrkjekaffi. Er det kveldsgudstenester, blir det ikkje kyrkjekaffi.

Sak 18/21 Dugnadskontakt i soknerådet. Det er to dugnader i året som soknerådet har ansvar for, vår- og haustdugnad. Det er ynskjeleg at soknerådet har ein fast person som kyrkjekontoret/kyrkjetenar kan henvende seg til for å organisere dugnadane i forkant. Vil minne om at alle i soknerådet har ansvar for å delta når det er dugnadar.
Vedtak: Hans Magne Kvåle er Stedje sokneråd sin dugnadskontakt.

Møte slutt kl. 20.45.

Minner om basar for kyrkjelydshytta onsdag 22. september kl 18 – 21 på Stedjetunet, møt opp!

Neste møte i soknerådet blir torsdag 30. september kl. 19.30

Helge Torstad
-leiar Stedje Sokneråd